

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtestad: E-postmøte
Dato: 25.05.2020
Tidspunkt:

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Leif Solemsli	Leiar	VANG
Marit Sletten	Nestleiar	LOM
Trude Brosvik	Medlem	VLFK
Kjersti Bjørnstad	Medlem	IFK
Harald Sve Bjørndal	Medlem	VÅGÅ
Ivar Kvalen	Medlem	LUSTER
Hilmar Høl	Medlem	ÅRDAL

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
-		

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
-		

Merknader

Møteinnkalling sendt ut ved e-post 20. mai. Svar med tilslutnad til innstilling i sak 19/2020 og 20/2020 motteke på e-post i perioden 21.mai-23.mai frå alle dei faste styremedlemmene.

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Leif Solemsli – leiar (sign.)

Marit Sletten – nestleiar (sign.)

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 19/2020	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Behov for styrke naturoppsyn i store verneområde og nasjonalparkar - sommaren 2020		2020/5905
ST 20/2020	Endring av forskriftene for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Høring		2020/5699

ST 19/2020 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Behov for styrka naturoppsyn i store verneområde og nasjonalparkar - sommaren 2020

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret meiner at dei mest besøkte verneområda, som Jotunheimen og andre nasjonalparkar med kort reiseavstand frå dei store befolkningssentra i Sør-Noreg, må få ekstra ressursar til oppsyn i år. Dette fordi dei mest kjende nasjonalparkane tiltrekker seg meir besøk, og har godt opparbeidde nett av merka turløyper som vil opplevast som eit trygt val for nye gjester som ikkje har erfaring med fotturar og telting frå før.

I slike område vil neppe omprioritering av ressursar vera tilstrekkeleg for å møte utfordringar med auka trafikk. Meir oppsyn i felt kan bidra til betre informasjon om alternative turområde, og ein vil få registrert problemområde dersom det oppstår situasjonar med forsøpling og slitasje på særleg utsette område.

Nasjonalparkstyret vurderer behovet for forsterka oppsyn som særleg stort i områda rundt Gjende, der det er størst besøkstal. Gjendebu og Memurubu kan bli oppsamlingspunkt der det kan bli vanskeleg å vise folk vidare, sidan det er langt frå bilveg. Vidare vil sentrale knutepunkt på T-rutenettet, som Skogadalsbøen og Olavsbu, kanskje få opphoping av telting dersom folk følgjer dei vanlege dagsmarsjane mellom turisthyttene. Gjennom sesongen må forvaltninga og oppsynet i fellesskap følgje utviklinga, og vurdere kva oppfølging som trengst til kvar tid.

Målretta informasjon om sporlaus ferdsel bør vera eitt av tiltaka, for å kunne ønskje flest mogleg velkomne ut i naturen.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 25.05.2020

Vedtak

Som innstillinga. Samrøystes.

ST 20/2020 Endring av forskriftene for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde – Høring

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen støttar framlagt forslag til endringar i forskrifter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen LVO. Forskriftsendringane medfører at det blir opna for bruk av el-sykkel på vegen til Glitterheim innan Jotunheimen nasjonalpark og heile anleggsvegen i Koldedalen i Utladalen LVO i perioden 15.juni - 15.oktober.

Dersom erfaringane etter eit par år er gode, bør det kunne vurderast el-sykkel på andre vegar innan verneområda på eit seinare tidspunkt.

[**--- slutt på innstilling ---**](#)

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 25.05.2020

Vedtak

Som innstillinga. Samrøystes.